



Dei som her lyfter revysjef Oda Vågen Bjørvik er frå venstre Kari Mehl Willumsen, Endre Børve, Jeanett Bakke Handeland, Benjamin Taranger, Jon Saugestad, Lasse Digranes, Karoline Guddal Jansson og Maria Santiago. (Foto: Grenda)

Om ei veke frå i dag går årets russerevy av stabelen, i år også med Uskedalen godt representert. Revyen heiter for sikkerheits skuld Fort og gale og oppunder 30 russ er engasjert i prosjektet som skal utfalda seg i Kulturhuset på Husnes. Gjengen forsikrar at dei også har noko å by på for eldre publikum. Dei unge skal også dansa, synga og visa film. Det er ny framsyning på laurdag.

Revysjef Oda Vågen Bjørvik fortel til Grenda at dei har skreve noko sjølve og noko har dei henta inspirasjon andre stader. Å avvikla russerevyen før jul er spesielt og grunnene er fleire: Alle får det travelt etter jul og etter juleferien er det ikkje så lett å koordinera gjengen.

Namnet har revyen fått fordi russen har hatt knapt med øvingstid- Dei starta først i september. Søral har sponsa og hjelper til med plakatar og billetter. Det blir naturleg nok ein god del skjemt med lokale hendingar og valet står sjølvstøtt sentralt. To i revyngjengen som vi registrerar som uskedelingar er Benjamin Taranger og Endre Børve.

Av Ola Matti Mathisen